



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 03.01.2019
Vår ref.: 2015/360-5
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. John Bauge

Oversending av kostnadsoverslag for godkjenning - uttak av industrivatn til Mongstad - Lindås kommune

Me syner til e-post mottatt 06.11.18 angående oppfyljing av undersøkingsplikta i samband med industrivannforsyning til Mongstad i Lindås kommune, og våre oversendingar av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering datert 25.06.13, 20.01.2015 og 31.01.2017, samt tidligare korrespondanse i saka.

Som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern er det Fylkeskonservatoren sin rolle å gjennomføre ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. Delar av landskapet har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne i hovudsak frå steinalder. Dei fleste spora frå førhistorisk tid ligg skjult under jorda og er såleis sårbar for moderne inngrep.

For å starte opp feltarbeidet er det naudsynt med skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag, samt informasjon om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den ansvarlege betalar, slik at me kan sette prosjektet inn i vår feltkalender. Vår feltsesong varar normalt frå april til november.

Kostnadsoverslag

Vedlagt er kostnadsoverslag med satsar for 2018. Arbeidsomfanget er rekna til 24 arbeidsveker i felt, samt før- og etterarbeid og skrivning av rapport.

Kostnadsramma for den arkeologiske registreringa er sett til 1 025 811,- (sjå vedlegg). Til grunn for utarbeidinga av overslaget er Riksantikvarens retningslinjer for gjennomføring av undersøkingsplikta og budsjettering av arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova § 9, jf. § 10 nytta.

Kostnadsoverslaget inkluderer arbeidstid for felt- og etterarbeid, leige av bil, kost og losji samt reiseutgifter. For vidare handtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale hjå Universitetet i Bergen har Riksantikvaren bestemt at det skal settast av opptil 10 % av lønnskostnadene inklusive sosiale utgifter dersom det vert registrert automatisk freda kulturminner. I dette kostnadsoverslaget er satsen satt til 10 %.

Me gjer merksam på at dersom det skulle inntreffe vesentlege uforutsette tilhøve, som til dømes meir funn enn estimert, kan det bli naudsynt å utarbeide eit revidert budsjett. Me vil i så fall varsle tiltakshavar om dette så raskt som råd.

Jf. kulturminnelova §§ 9 og 10 må utgiftene til arkeologisk registrering, som har som mål å oppfylle undersøkingsplikta, dekkast av tiltakshavar. Me gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre vert fakturert for medgått tid og faktiske kostnader.

Feltmetode

I areal som har vore egna for busetnad og aktivitet i steinalder vil ein grave prøveruter på om lag 40 x 40 cm ned til steril undergrunn. Jordmassane i prøvestikket blir vassålda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle gjenstandar. Funnførande (positive) stikk blir dokumentert ved teikning og foto, samt planskisse over lokallitetens utstrekning. Dersom materialet eigna for C14- datering blir observert, tek ein eventuelt ut ei jordprøve for datering. Alle prøvestikka (positive og negative) blir innmålt med CPOS. Prøvestikka vil verte lagt igjen når arbeidet er utført. Det aktuelle området vil i tillegg bli overflateregistrert for å påvise eventuelle strukturar synlege på overflata.

For å lette feltarbeidet vil det vere hensiktsmessig å bruke båt for å få tilgang til delar av området, til dømes av båt-typen Kimple 430 Catch med påhengsmotor. Dette gjer at tidsbruken i felt blir meir effektiv.

Me gjer óg merksam på at Bergens Sjøfartsmuseum har varsla marinarkeologisk registrering i det aktuelle området. Me ber Lindås kommune ta direkte kontakt med Bergens sjøfartsmuseum med omsyn til gjennomføring av marinarkeologisk registrering.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
STIFTELSEN BERGENS
SJØFARTSMUSEUM

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag - uttak av industrivatn til Mongstad - Lindås kommune